

BÅTGALSKAP.

Ei populærvitenskapelig utgreiing om sjukdomen båtgalenskap av dr.physc .: Frode Rogne.

Ein har lenge hatt mistanke om at psykiatriske lidningar har vore sterkt utbreidde i lystbåtkrinsar. Etter intens gransking og observasjon av ein del tvilsame kasus, har forskarane kome fram til at det dreiar seg om ein sjukdom som på folkemunne blir kalla båtgalenskap. Det korrekte medisinske nemninga er nautomani. Det finst mange grader av sjukdomen, frå den lettare forma (nautomania simples) til den mest alvorlege= schizofrenia nautica- som medfører innlegging i lukka anstalt med reim, fotjern og tvangstrøye.

Sjukdommen startar ofte med at pasienten får periodar med dagdrøyving, og har ein tendens med å blande røyndom og fakta. Han les og studerar båtblad, sjeromanar, brosjyrer, annonsar, osv., og ligg og grublar om nettene. Haner gjerne noko sløv og ukonsentrert på jobben. Om kvelden krinsar han kvilelaust omkring på båthamner og på opplagsplassar. Ein har observert hart angripne tilfelle ståande apatiske i timevis på flytebrygger o.l. midt på natta. Denne første fasen- initialfasen, som forskarane kallar han- er også ofte prega av familiekonfliktar. Pasienten har ein tendens til å sjå bort frå økonomiske realitetar, og blir ofte svar aggressiv dersom ektefelle eller born ytar tvil om det fornuftige i båtplanane hans.

I den neste fasen glir pasienten djupare inn i sjukdommen. Han harrno fått den tvangstanken at han må kjøpe båt. Han er inne i ei svært eksistensiell krise, og opplever tilværet slik at han ikkje kan leve på ein meningsfylt måte utan båt. I denne fasen er det fleire variantar av sjukdomen, men vi vil her konsentrere oss om dei mest alvorlege tilfella:- nemleg der pasienten kjem på den ideen at han vil ha trebåt. Her kan vi nemne fleire tilstandar, som t.d. glassfiber-fobi, påhengs-nevrose, ovatrol-kompleks, og meir alvorlege ting som kravell-mani, svinghjuls-trauma og kjølbolt-psykose.

GIGANTONOMI

Dei mest tragiske tilfella er dersom pasienten tek til å intresere seg for større båtar. Denne tilstanden blir kalla gigantomania nautica, og artar seg som ei form for stormanngalenskap, der pasienten heilt misser kontakten med røyndommen.

Pasienten går til innkjøp av ein større kutter, ei skøyte e.l. Båten skal helst vere minst 50 fot. I den tilstanden pasienten er i nosspelar det inga rolle om båten er 100 år gamal og søkkeferdig. Han er full av optimisme og arbeidslyst. Ein nær-sarva semidiselfrå 1930, rotne dekkshjelkar, makk i kjølen- allt dette er berre bagatellar. Han går til innkjøp av store mengder verktyg og gyv på med dødsforakt. Pengar spelar inga rolle lenger. Kone og born blir statistar i dette menneskelege dramaet.

Frå no av går pasienten kledd i kjeledress det meste av døgnet. I alle lommar har han skiftenøklar, skrujern, boltar, hoggjern, tvistdottar og oljeflekka sigarettneipar. Han er alltid skiten, og har fullt av skrubbssår på andletet og hendene.

Etter kvart blir han totalt ute av stand til å føre ein fornuftig samtale om andre emner enn båt. Når kona ber om ein tiar til ei halv boks fiskebollar så pass at ungane ikkje svelte i hjel, ser han fråverande på henne, grev i kjeleldrsslomma og gir henne to skipsspikarar og ei messinghengsle.

ANGST OG DEPRESJONAR

Etter ei tid blir pasienten manisk-depressiv. Periodevis er han svært oppstemt, arbeidslysten og snakkesalig, men i neste omgang kan han falle saman i djupaste svartsyn. Søvnlause netter høyrer med- om natta ligg han i senga i mørket med vidopne augo og grublar og legg planar. Når han omsider sovnar utpå morgonkvisten, dødstrøyt og sliten, kjem draumane. Her er det dramatiske sener som utspelar seg, Det går gjerne i brann, større lekkasjer, grunnstøyting, knekking av veivaksling og liknande. Det er ikkje uvanlig at pasienten vaknar av sine egne angstskrik, medan han desperat prøver å tetta skroglekkasjen med dyna.

Pasienten sin personlege økonomi går etter nokre månadar fullstendig i oppløysning. Lønnskontoen er konstant overtrekt, reknningar hopar seg opp, pasienten tek å gå lange omvegar for å unngå kreditorane. Samstundes ser båt prosjektet meir og meir håplaust ut. Til meir han jobbar dess meir kaos og skit blir det omboð. Han riv ner meir og meir, gamalt skrot hopar seg opp i lugarar og lasterom, kaia han ligg ved ser ut som ei søppelfylling, han køyrer alltid rundt med bilen full av maskindelar, røyrstubbar og målingsspanner. Alle kledda er flekka av bunnstoff og øydelagde av batterisyre. Allt verktøyet hans ligg enten i kjølen eller er meir eller mindre tilgrisa.

ÅNDELEG KRISE

På dette stadiet er det vanleg at pasienten kjem inn i ei djup åndeleg krise. Han opplever etter kvart båten som eit overmektig uhyre og seg sjølv som ein liten skiten kakkerlakk som kryp rundt i avfallet. Det finns døme på pasientar som har blitt religiøse på dette stadiet, medan andre tyr til flaska. Atter andre tumlar med stygge planar om ein liten rask brann eller opning av bottenventilen. Somme gjer fortvila forsøk på å selja båten, men det er sjølsagt håplaust. Ei vanleg løysning blir då då å nærast gi bort båten og freista gløyma. Dersom pasienten så kjem under kyndig behandling, kan han vende tilbake til eit relativt normalt liv, sjølv om han for resten av tida vil vere merka av påkjenningane.

DEI UHELBREDELEGE TILFELLA

Men så er det den tyngste delen av klientellet nemlig dei som trassar realitenane og held fram. For desse er det diverre inga von. Galskapen har hos desse menneska blitt ein intregrert del av personlegdomen- ja, vitenskapen har vore inne på den tanken at det kanskje kan vere ein medfødd hjerne-skade hos desse stakkarane. Nærmiljøet rundt pasienten må no berre forsone seg med at dei lever med ein forrykt person mellom seg. Det er lite psykiatrien kan gjere med eit slikt alvorleg tilfelle.

Innesperring i lukka anstalt kan kome på tale men det må då i tilfelle vere på livstid, for dersom pasienten slepp ut att etter ei tid, vil han sjølsagt øyeblikkelig gå i gang med eit nytt prosjekt. Desse menneska er nett som lemena-dei vandrar mot havet i si blinde galskap, og ingen ting kan stoppe dei. Ein har derfor funne ut at det beste er å late som ingenting, og heller la pasienten gå laus. Nokre få slike avvikarar har vel samfunnet plass til.

